

03.11.2017

Den populære adventskalendaren er i salg.



[Skulemusikken spelar på 17.mai.](#)

Før jul i 2013 lanserte Uskedal skulemusikk ein adventskalender som var laga som eit lotteri med gevinstar kvar dag i desember fram til og med juleaftan. Denne vart kjempepopulær og vart eit årvisst førjulstiltak. Seinare har folk venta på den kjekke adventkalendaren kvart år, og no er den kjekke adventskalendaren klar for salg.

Til saman er det tett på 40 flotte gevinstar på årets adventskalender. Det toppar seg narturleg fram mot julaftan då vinnaren får ein bålgrill til ein verdi av 2990,-kr. Vesle julaftan er gevisten JBL Xtreme høgtalar som kostar 2690,-kr. Før ein kjem så langt er det trekt ut mange verkeleg flotte gevinstar. Mange dagar er det til og med 2 gevinstar. Mange firma har vore svært rause og har gjeve gevinstar noko som skulemusikken er svært takksame for. De finn oversikt over gevinstane og givarane på kalendaren som også er avbildat nedanfor. Kvinnherad Vekstbedrift AS har også bidrige med å trykkja adventskalendarane.



# ADVENTSKALENDER 2017

Uskedal Skulemusikk

Trekning kvar dag 1-24. desember Pris pr. kalender kr 100,- Salsperiode 4nov-30nov



	Gevinstar:	Gjeve av:
1.Des	1. Hovudlykt 2. Kosedyr	MX Sport, Husnes Libris, Husnes
2.Des	1. Hjønnevåg bok 2. Cupcakes-stativ	Brødrene Hjønnevåg Lises krambu
3.Des	1. Leikesett (motorsag mm.) v.170,- 2. Poncho (Dame)	Kvinnherad bygg Kappahl
4.Des	1. Gåve verdi 200,- 2. Håndsåpe/håndkrem	Elkjøp, Husnes Vitusapotek, Husnes
5.Des	1. Pannebånd 2. «Overrasking»	Sport 1, Husnes Kvh. Energi og Breiband
6.Des	1. Gåvekort verdi 300,- 2. Bok: «Helt naturlig» v. 345,-	Rosendal bokhandel Poon Tip's
7.Des	1. Gåvekort verdi 300,- 2. Hjønnevåg bok	Gros blomster Brødrene Hjønnevåg
8.Des	1. Gåvekort verdi 300,- 2. Lotion og bodycream	Spar Uskedalen Cubus, Husnes
9.Des	1. Sitjeunderlag verdi 349,- 2. Kvinnheradspelet mm.	Kulør Rosendal Kvh. Energi & Breiband
10.Des	1. Jotunheim tursett verdi 299,- 2. Oppskriftsbok	Sport 1, Rosendal Lerøy Sjøtroll
11.Des	1. Sitjeunderlag/krakk v. 480,- 2. Oppskriftsbok	Kvinnherad vekstbedr. Lerøy Sjøtroll
12.Des	Lego technic verdi 500,-	Tysnes Sparebank
13.Des	Gåvekort verdi 500,-	REIN hudpleie, Herøysund
14.Des	Lego friends verdi 500,-	Husnes storsenter
15.Des	1. Gåvekort på klypp verdi 450,- 2. Hettejakke og T-skjorte	Zjakk frisør Festidalen
16.Des	1. Gåvekort verdi 500,- 2. Sitjeunderlag verdi 349,-	SMAKIFRÅ Oska Kulør Rosendal
17.Des	1. Spekepølse 2. To utelampar verdi 600,-	Friheim Gardsmat Kvinnherad elektro
18.Des	Arbeidslykt verdi 665,-	Auto 88
19.Des	Rosa stol verdi 699,-	Elins Matgleder
20.Des	EU kontroll verdi 950,-	Dimmelsvik Bil
21.Des	HH Simonsen glattetang verdi 1198,-	Trend Frisør
22.Des	Heimastrikka Nancygenser	Uskedal skulemusikk
23.Des	JBL Xtreme høgtaler v.2690,-	S. Myklebust Maskinst. Uskedalen Eigedom, DNV-GL, Stord
24.Des	Bålgrill verdi 2990,-	Brødrene Musland Maskin Felleskjøpet, A.J Haugland Maskin

## KUNNGJERING I HEILE DESEMBER PÅ USKEDALEN.NO

Vinnaren tek med seg kalenderen og hentar gevinsten på AUTO 88, Uskedalen innan 11.01.18

TAKK TIL DEI SOM HAR STØTTA OSS MED GEVINSTAR, OG TIL DEG SOM STØTTAR  
USKEDAL SKULEMUSIKK

Skulemusikken sin adventskalender 2017.

I første haldel av månaden vert kalendarane selt av dei flinke medlemmene i korpsset. Dei er sett opp i grupper som har fordelt bygda mellom seg. Dei vert også premiert for god innsats. Den gruppa som sel mest, får ein premie, og alle som sel meir enn 20, er med i trekkinga av ein premie. Dei som ikkje klarer venta til dei

blide musikantane kjem på døra, kan sjølvsagt ta kontakt med ein av dei for å sikra seg adventskalendaren. I år kan vi betala både med kontantar og Vipps.

I siste halvdel av november vert også adventskalendaren selt gjennom andre salgskanalar. Dei som står bak tiltaket, håpar sjølvsagt at dei skal få selt like mykje som dei føregåande åra då salget er svært viktig for drifta av skulemusikken.

Som tidlegare vert vinnarnummera publisert dagleg her på Uskedalen.no, og dei som er heldige og har vinnarnummer, kan ta kalendaren med Auto 88 AS som vil levera ut gevinstane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Olav Myklebust og Hege Lekva